



# Innst. S. nr. 306

(2007–2008)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Dokument nr. 16 (2007–2008)

### Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om årsmelding til Stortinget frå Styret for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar for 2007

Til Stortinget

#### SAMANDRAG

Styret i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar legg i dokumentet fram melding for budsjettåret 2007.

Pr. 31. desember 2007 var det i alt 358 pensjonar til utbetaling, 230 alderspensjonar/ventegodtgjersler, 8 uførepensjonar, 117 enkje-/enkjemannspensjonar og 3 barnpensjonar.

Til pensjonar var det for 2007 løyvd 60 000 000 kroner. Under kap. 41 post 1 blei det utgiftsført

50 141 988 kroner til pensjonar. Administrasjonskostnadene utgjorde 1 479 274 kroner.

Pensjonsgrunnlaget i denne pensjonsordninga følger av den til kvar tid gjeldande årlege godtgjersla som vert fastset av Stortinget sin lønskommisjon med samtykke frå Stortinget.

Gjeldande pensjonssettar går fram av dokumentet.

#### TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen viser til dokumentet, har ingen merknader og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

Dokument nr. 16 (2007–2008) – årsmelding til Stortinget frå Styret for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar – vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 11. juni 2008

**Tor Hagebakken**

leder

**Åge Starheim**

ordfører

